



PSW Group AS
Kjetil Fjellanger
Storemyra 247
5954 MONGSTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1480 - 15/25771

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
03.08.2015

Manglende innsending av dokumentasjon av fettutskiljar anlegg - gbnr 127/116 -117

Teknisk drift, VVA, kan ikkje sjå å ha motteke dokumentasjon på utskiljaranlegg ved Storemyra 247 og Storemyra 251 som etterlyst i brev datert 24.02.2014 og telefonsamtale med Dykk 19.05.2015. Teknisk drift har berre motteke tømmeavtale mellom Dykk og godkjent tømmefirma. Vi ber derfor om at følgjande dokumentasjon vert sendt inn til kommunen innan 10.09.2015:

- Generelle opplysningar om anlegg som er installert (type, storleik, produktsertifikat etc)
- Tømmerrapport for 2014
- Temperaturlogg for 2014
- Årsrapport for 2014
- «As build» teikningar som viser plassering av anlegg og kva som er ført på anlegg, samt tilknytingspunkt til kommunalt leidningsnett (målestokk 1:500)

Verksemda skal kvart år sende inn tømmerrapport, temperaturlogg og årsrapport til kommunen for å dokumentere at anlegg fungerer etter intensjonen. Innrapportering skal være kommen i hende seinast 1. februar påfølgjande år. Vi har, per dags dato, ikkje motteke rapportering for 2014.

Alle verksemdar som har utslepp av avlaupsvatn som inneheld fett eller olje av animalsk eller vegetabilsk opphav skal ha fettutskiljar. Fettutskiljar skal sikre at fett frå prosess- og avlaupsvatn vert skilt ut frå vatnet før dette vert ført ut på kommunalt leidningsnett og til reinseanlegg. For at kommunen skal kunne sikre kommunalteknisk anlegg mot skadeleg fett, må verksemdene sende inn nødvendig dokumentasjon på sine anlegg kvart år. Temperaturlogging av anlegg over 3 døgn (under full drift og før tømning) gir ei god indikasjon på korleis eit anlegg fungerer. Temperatur i anlegg skal ikkje overstige 30°C.

Det er med heimel i forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløyve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland og «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift nå krev innsending av dokumentasjon for utskiljaranlegget ved Storemyra 247 og 251.



Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Teknisk drift ved avdelingsleiar for
vatn og avlaup

Mottakarar:
PSW Group AS

Storemyra 247 5954

MONGSTAD